



Statens vegvesen

Rune Nilsen
Holmeknappen 17
5918 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:
2013/039553-021

Dykkar referanse:

Vår dato:
28.05.2015

Avslag på søknad om utvida bruk av avkjørsel på fylkesveg 564 på Fløksand, gnr. 5, bnr. 93 i Meland kommune

Vi viser til vårt brev av 04.05.15 og tidlegare korrespondanse i same sak som gjeld utvida bruk av avkjøring frå privat veg til fylkesveg 564 på Fløksand i Meland kommune.

Søknad om utvida bruk av avkjørsel til fylkesveg 564 på Fløksand vart avslått i vårt brev av 05.07.13. Klage på avslaget er datert 28.07.13 i brev frå sækjar.

Klaga vert sendt over til Hordaland fylkeskommune 24.10.13 som handsama klaga den 26.11.13 og melding om at ikkje klaga vart tatt til følgje vart sendt til Statens vegvesen 27.11.13. Med dette oppfattar vi saka som avslutta når det gjeld søknaden om utvida bruk av avkjørsla for bygging av ny bustad på eigedomen gnr. 5, bnr. 93.

Du har no kome med spørsmål om korleis Statens vegvesen vil sjå på ny søknad om utbygging av gnr. 5, bnr. 93 ut frå to spesielle føresetnader/alternativ.

1. Søknad om bygging av fritidsbustad i staden for heilårsbustad.
2. Søknad om utbygging av tomta med ei løysing der sækjar får avtale om parkeringsplass i tilknytning til kommunal veg med føresetnad at utbyggjar må gå frå parkeringsplassen fram til eigedomen gnr. 5, bnr. 93.

Statens vegvesen har vurdert desse alternativa og kome til følgjande konklusjon: Når det gjeld alternativ 1 vurderer vi at det framleis manglar tilfredsstillande tilbod til mjuke trafikantar på strekninga langs fylkesveg 564. Argumentet med trygg skuleveg kan nok ikkje brukast i same grad som tidlegare som argument, men vi vil nok framleis stå på vårt standpunkt at det ikkje skal gjevast løyve til utvida bruk av avkjørsla.

Når det så gjeld alternativ 2 meiner vi dette er ei løysing som vi heller ikkje kan akseptere då dette berre vert ei proforma løysing som ikkje kan kontrollerast og det er vanskeleg å hindre at utbyggaren brukar avkjørsla og vegen fram til eigedomen gnr. 5, bnr. 93 når denne eksisterer og sjølv om det ikkje er gjeve løyve til denne bruken.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Vår konklusjon er at Statens vegvesen ikkje vil godkjenne desse alternativa som løysing for utbygging av gnr. 5, bnr. 93 og vi vil gje avslag på søknader om utbygging med desse føresetnadane.

Som tidlegare nemnd bør ikkje vidare utbygging i dette området ikkje tillatast før denne delen av fylkesveg 564 er bygd ut med tilfredsstillande tilbod til mjuke trafikantar.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen
Meland kommune, Postb. 79, 5906 Frekhaug